



Jarle Fossheim og Kristian Bringedal med eit luftfoto av Børnes under møtet måndag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen eig fire-fem industriområde, men for tida er Børnes i Uskedalen det einaste som kommunen kan dela ut tomter frå.**

**Det opplyste eigedomskonsulent Jarle Fossheim under møtet som Uskedalen Utvikling sitt dialogforum heldt på Gamleskulen måndag.**

**Der vart det streka under at området er ein viktig og attraktiv ressurs.**



Det var godt fram møte under møtet om næringsutvikling i Uskedalen. Her er halvparten av dei 20 møtedeltakarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Møteleiar Kristian Bringedal sa at når ein skal marknadsføra Børnes bør ein leggja vekt på at dette er eit godt eigna og rommeleg areal som ligg både til fjorden og riksvegen. Til samanlikning trakk han fram Felleskjøpet i Omvikdalen, som er særst trangbodd.

Fossheim opplyste at kommunen ønskjer å "vaska" den gamle reguleringsplanen og få teikna inn ein ny hovudveg som kan utløysa området opp mot riksvegen. Her er det eit stort potensiale, men ein har førebels ikkje konkrete interessantar. Administrasjonen vil truleg avventa ei politisk avklaring omkring sanddrift-planen til Trond Myklebust.

- Men vi kan selgja ut areal berre nokon melder seg – anten bit for bit eller til ein stor bedrift, sa Fossheim. Magne Huglen streka under at det då er viktig med strenge fristar for realisering av planane.

Det har skjedd mye det siste året når det gjeld å rydda opp og aktivisera Børnes. Fossheim trekte spesielt fram det Tore Vevik har gjort for å fjerna stål, bildekk og anna men både han og dei andre bedriftene har i ryddeinnsatsen sin stått overfor det klassiske dilemma: Kva er nyttig av dette?.

Bjarne Lilleaas syntes også at det hadde "skjedd saker og ting" på Børnes i det siste. Han var oppteken av at alle som etablerer seg der får nytte av kaia, som skogeigarane no eig 75 prosent av og som treng renovering.

Torfinn Myklebust var glad for ryddinga som har skjedd, men var ikkje fornøgd over utdelinga av små parsellar som gjev få arbeidsplassar. Difor er det viktig at ein får lyst ut og kjem i gang i det truleg 20 dekar store området opp mot riksvegen der ein kan få til større tomter.

Marit Hjørnevåg vart spurt om Hjørnevåg treng meir areal men svarta at det ikkje er vurdert.

Etter ønskje frå Fossheim var det einigheit om at styret i Uskedalen Utvikling skal vera kontaktledd til kommunen i saker som gjeld Børnes og som også kan vera ein pådrivar for kommunen.

I ein bolck om andre næringsprosjekt i bygda opplyste Magne Huglen at eit norsk byggjefirma med lituarane er under registrering og skal ha kontor i det nye bygget nærast elva.

Huglen opplyste også at det skal byggjast fire småhus i nærleiken av bedehuset men dette prosjektet blir ikkje sett i gang før det er seld.

Karin Thauland frå Kvinnherad Næringssservice berømma Uskedalen og Uskedalen Utvikling for godt arbeid og kom særleg inn på møtet i Helgheim for "våre nye landsmenn". Ho vona at det vil vera mogleg å få til tilsvarande arrangement andre stader i kommunen.

Initiativtakar Magne Huglen hadde fått mange positive tilbakemeldingar om at det var sett stor pris på arrangementet. Men han peika på at det ikkje er lett å finna gode jobbar til kvinnene sjølv om dei er velutdanna og har høg kompetanse.

Gunn Mari Moberg streka under at det no er viktig å få utlendingane engasjert i det vanlege livet i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



Mykje har skjedd på Børnes i det siste med omsyn til opprydding. (Foto: Ola Matti Mathisen)